



**ÅRSMØTE MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG 26. APRIL 2018**

**Agenda:**

1. Val av dirigent
2. Val av sekretær (referent)
3. Val av 2 representantar som saman med leiar skal godkjenne protokoll.
4. Årsmelding frå siste år
5. Rekneskap med revisors merknad for siste år.
6. Innkomne sakar
7. Val

Leiar Vidar Bakke ynskje velkommen til årsmøtet. MRBL er fortsatt det største befalslag i Noreg, og har fått 5 nye medlemmer berre dei siste dagane.

Der vart haldt 1 min stillhet for Åge Henriksen (110 sentralen).

**1. Val av dirigent**

Trygve Lennavik var foreslått som møteleder. Dette vart samrøystes vedteke.

**2. Val av sekretær**

Live Gandborg var foreslått som referent. Dette vart samrøystes vedteke.

**3. Val av 2 representantar som saman med leiaren skal godkjenne protokoll.**

Eivind Myklebostad (Rauma brannvesen) og Steinar Hauglum (Sunndal brannvesen ) vart valt samstemt av årsmøtet.

**4. Årsmelding frå siste år**

Live Gandborg gjekk gjennom årsmelding for 2017.

Der var ingen kommentarar til årsmeldinga, samrøystes vedteke.

Årsmeldinga tatt til vitande.

**5. Rekneskap/ Innkomne sakar**

Leiar Vidar Bakke kom med forslag om å slå saman sak 5 og 6 på saklista.

Samrøystes vedteke.

Leiar Vidar Bakke orienterte om lagets utfordringar økonomisk og gjekk gjennom inntekne saker.

Styret har i dei siste åra jobba i motbakke da utgiftene er til dels større enn inntektene. Intensjonane til styret er å ha nok pengar til bla. Kunne «spe på» til jubileumsturane som vi har i MRBL kvart 5 år, dette for å halde eigendelen så lav som råd.

Lagets medlemsmøter har gått med ca. 5-8000 kr i minus i dei siste åra.

Det bør lagast eit årleg budsjett for brannbefalslaget.

Styret vil aktivt arbeide med å få arrangere interessante seminar slik at vi kan få inn ekstra inntekter til laget.



## MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG

Tilsluttet Norsk Brannbefals Landsforbund

Styret har 2 forslag til auking av inntekter:

1. Auke utstiller kontingenten frå 2500 kr til 3000 kr
2. MRBL tar 250 kr per deltakar på medlemsmøter.

I tillegg kom det eit forslag frå årsmøtet:

3. Auke medlems kontingent frå 300 til 400 kr.

Det vart opplyst av årsmøtet at feiarforeininga har forskjellig pris på sine møter avhengig av kva, kven og kor dei har møta sine. Sist møte hadde ein deltakarpris på 650 kr.

Det vart og uttrykt skepsis til å ha ein ekstra kostnad for medlemsmøter da det kan føre til dårlig deltaking.

Følgjande blei samrøystes vedteke av årsmøtet:

1. Auke utstiller kontingent frå 2500 kr til 3000 kr
2. Utsette saken om ekstra pris på medlemsmøter
3. Kontingent for 2019 blir auka til 400 kr per medlem (ein må sjekke ut om dette er innafor vedtektene til Norsk Brannbefals Landsforbund – leiars anmerkning).

### **Rekneskap med revisors merknad for siste år.**

Leiar Vidar Bakke gjekk gjennom rekneskapen.

Rekneskapet for 2017 er godkjent av revisor. Der vart stilt spørsmål til kvifor der var – 22 800 kr på i underskot. Vidar Bakke forklarte at laget hadde hatt eit meirforbruk på 22 800 kr i 2017 enn inntekt. ( Underskotet på 22 800 kr for 2017 kom m.a. av ubetalte fakturer frå 2016 som vart betalt i januar 2017 – leiars anmerkning).

Årsmøtet godkjente rekneskapet.

### **6. Val**

Medlem av valkomiteen Geir Thorsen leia valet.

Følgjande som er på val:

Frank Skorgenes	Nest leiar
Live Gandborg	Sekretær
Steinar Hauglum	Styremedlem
Stian Farstad	Vara styremedlem
Øystein Bjørkavåg	Vara styremedlem
Robert Svanemyr	Revisor
Gunnar Grimsmo Jensen	Revisor



## MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG

Tilsluttet Norsk Brannbefals Landsforbund

Vidar Bakke er ikkje på val og innehar rolla som leiar 1 år til.  
Hege Leite er ikkje på val og innehar rolla som kasserer i 1 år til.

Valkomiteen har følgjande føreslag til styre for neste år:

Vidar Bakke	Leiar	Ikkje på val(1 år igjen)
Stian Farstad	Nestleiar	Valt (for to år)
Hege Leite	Kasserer	Ikkje på val(1 år igjen)
Øystein Bjørkavåg	Sekretær	Valt (for to år)
Knut Øystein Ekroll	Styremedlem	Valt (for to år)
Steinar Hauglum	Vara styremedlem	Valt (for eit år)
Robert Vågen	Vara styremedlem	Valt (for eit år)
Robert Svanemyr	Revisor	Valt(for eit år)
Gunnar Grimsmo Jensen	Revisor	Valt(for eit år)


Årsmøtet valde samrøystes valkomiteen sitt forslag.


Valkomit :

Det nye styret lager forslag til ny valkomit  ved f rste styrem te.

Dato og underskrift: 23.05.2018

  
Eivind Myklebostad  
(Rauma brannvesen)

  
Steinar Hauglum  
(Sunndal brannvesen)

  
Vidar Bakke  
( lesund brannvesen KF)